

Årsmelding for Nedstrand sokneråd 2015



Bilete frå dåpsskulen i Nedstrand kyrkje mars 2016

Soknet har fylgjande mål for arbeidet:

Nedstrand sokneråd ynskjer at kyrkja skal komme i møte med, og oppmuntre, alle døypte og udøypte i soknet, slik at ein opplever seg velkommen og berika i all kyrkjeleg verksemd i soknet.

Vi vil:

- 1/ Stimulere til gudstenesteliv som rører, frigjer og utrustar.
- 2/ Styrkje arbeidet blant barn og unge
- 3/ Bygge livsnære fellesskap
- 4/ Frigjere mangfaldet av tenester, evner og nådegåver

2015 har vore nok eit år med mykje godt arbeid i soknet.

Gudstenestelivet

Det har vore til saman **58** gudstenester der vi har hatt **4479** personar på desse gudstenestene. **2** av desse var gudstenestar for barnehagar og **4** gudstenester for skuleelevar.

Gjennomsnittleg oppmøte på gudstenestane har vore **77 personar** Sjølv om gjennomsnittleg oppmøte varierer ser vi ei relativ jamn gudstenestedeltaking frå år til år. Det kjem fleire til familiegudsteneste enn til ordinære høgmesser.

I tilknytting til gudstenestene har vi mange frivillige som deltek: klokkarar, kyrkjevertar, konfirantar, songarar og dei som lagar kyrkjekaffi. Særleg i gudstenester knytta til Kyrkjenær medvirkar fleire frivillige. Rådet vil retta ei stor takk til alle dei som gjer ein frivillig innsats i kyrkjelyden.

Kyrkjenær: Trusopplæring 0 til 18 år

Kyrkjenær er godt etablert som soknet sitt organiserte arbeid for å formidle tru til barn og unge. Vi merkar at tiltak i Kyrkjenær er godt innarbeidd og blir forventa av foreldre og born.

Kyrkjenær skal femna alle døypte og tilhøyrande i alderen 0-18 år. Arbeidet i Kyrkjenær følgjer ein felles plan for Nedstrand, Tysvær, Førresfjorden og Bokn sokn, med enkelte lokale variasjonar. Vi har heile tida stort behov for frivillige medarbeidarar og det kan tidvis vere vanskeleg å vite kven ein kan spørje om å hjelpe til. Vi ynskjer

at alle som har lyst får sjansen til å vere med, og vil gjerne at fleire melder seg til teneste frivillig.

Tiltak

Ved barsedåp har vi eit mål om at alle dåpsbarn får ein cd med kveldsbøner, infohefte om dåpen, dåpslys og dåpsklut frå Kamerun.

Babysong: er eit positivt tiltak og viktig grunnlagsarbeid for trusopplæringa, og vi opplever at tiltaket har god oppslutnad. I 2015 var det på grunn av permisjon ikkje babysong.

Dåpshelsingar: Ved eitt og toårs dåpsdag skal barnet motta ei dåpshelsing. Dåpsborna får bilete av kyrkja ved eitt års dåpsdag, og ved to års dåpsdag får dei ei bok med bilete frå kyrkja dei vart døypte i. Det har i fleire år vore ei utfordring å få desse dåpshelsingane ut i rett tid og arbeid pågår for å finne ei løysing på dette.

Undretur: 3-åringane vart inviterte til undretur i kyrkja, dagen før familiegudstenesta med utdeling av barnebibel til 4-åringane. Borna blei kjent med kyrkjerommet, preikestolen, døypefonten og orgelet. Vi hørte forteljinga om sauene som gjekk seg bort og song vi saman. Borna laga sauene som dei henta på gudstenesta dagen etter. På samlinga i 2015 vart boka Kyrkja Mi delt ut til alle treåringane, og det vart svært godt tatt i mot.

Barnebibelen vert delt ut til alle 4-åringane i soknet. I forkant av utdelinga vert alle inviterte til ei samling der dei får bli kjent med bibelforteljinga om Jesus og borna og lage eit bokmerke og bake rundstykker. Tiltaket vart halde på ettermiddag (17-18.30) slik at borna kom saman med foreldre. Samlinga avslutta med hyggeleg kveldsmat.

Julekrybbeverkstad for 5-åringane. I løpet av 2 samlingar får borna lage si eiga julekrybbe i ei skoese. Julekrybbene vert viste fram på barnehagegudstenesta før jul. Tiltaket gjekk på ettermiddag (17-18.30) slik at borna kom saman med foreldre. Samlingane avslutta med kveldsmat. Godt oppmøte og positiv respons både i Nedstrand (Soknatun) og i Skjoldastraumen (bedehuset).

Julevandring: Dette tiltaket for femåringane (førsokule) er definert som barnehage/kyrkjesamarbeid. Vandringa er lagt opp rundt i kyrkjerommet, med utkledding, song, forteljing og dramatisering av juleevangeliet.

Dåpsskule: Alle førsteklasingar vert inviterte til dåpsskule i tida fram mot påske. I løpet av 6 samlingar vert borna kjende med påskebodskapen og andre sentrale tema i kristen tru gjennom forteljingar, aktivitetar og lek. Dåpsskulen vert avslutta med at dei deltek på ei familiegudsteneste der dei òg får boka Tre i eit tre. Dåpsskulen har godt frammøte. Samlingane vert gjennomførte i kyrkjene rett etter skuletid. Vi set stor pris på velviljen som skulane og SFO viser.

Hausttakkefest: 7-åringane vert inviterte til ei samling på Tveit vidaregåande skule i forkant av hausttakkegudstenesta. Der får dei lære om då Gud skapte jorda, sjå på mangfaldet i naturen, grille pølser og ta opp poteter. Oppmøtet på Tveit var godt, men på hausttakkegudstenestene kom det færre. Vi set stor pris på samarbeidet med Tveit vgs om dette tiltaket.

Diakonidag: På skulane sin planleggingsdag i januar vart 8-åringane (3.kl) inviterte til ein aktivitetsdag på Bygdahuset. Borna lærte om Den barmhjertige samaritanen, laga fine bilete, planta løk, baka potetkaker og hadde lunsjtreff med ”mandagsgruppa” på Nedstrandstunet, åt pølser og bada på Bygdahuset, før dagen vart avslutta med film og ei samling som foreldra var inviterte til. Oppmøtet var bra og vi hadde eit med oss eit godt knippe vaksne medarbeidarar.

Misjonsdag: På skulane sin planleggingsdag i september vart 9-åringane inviterte til aktivitetsdag på Stemnestaden i samarbeid med dei andre sokna. Misjonsorganisasjonane var med oss denne dagen. Oppmøtet er godt.

Bibelutdeling og leir: 5.klassingane frå Bibel av kyrkjelyden sin. I mange år har 5.klassingane blitt inviterte til leir på Brandøy. Dette er eit positivt samarbeid med Skjold, Vats og Vikebygd sokn og NMS-U. Leirane har god oppslutnad og får positiv respons. På grunn av nye misjonsprosjekt blir 2015 det siste året med dette samarbeidet.

Juniorkonfirmasjon: I samband med bibelutdelinga har 5.klassingane blitt inviterte til samlingar med undervisning om kristen tru og Bibelen. Dette har ikkje funne ei ferdig form, men har blitt gjort på ulike måtar og hatt ulikt omfang fleire år. I 2015 vart det invitert til Bibelpizzatreff på Skjoldastraumen bedehus, og tiltaket fekk positiv respons.

Lys Vaken: Første helga i advent inviterte vi 11-åringane til Lys Vaken i Nedstrand kyrkje. Tiltaket er spennande og gjev gode opplevingar, både i forhold til trusopplæring og sosialt. Vi bruker Kristuskransen som pedagogisk verktøy og raud tråd gjennom programmet. I forkant av Lys Vaken i Nedstrand kyrkje vart 11-åringane inviterte til Stjernetreff i Skjoldastraumen kyrkje, men dette vart dessverre avlyst på grunn av liten påmelding. Konfirmantane var med som hjelpeleirarar på Lys Vaken.

Online-kveld: Dette er eit nytt tiltak for 7.-klassingane, i staden for Alternativ Halloweenfeiring. Temaet er nettvett og bevisst nettbruk, og Barnevakten var representert ved Alexis Lundh. 7.klassingane var inviterte saman med foreldre. Kvelden var eit felles arrangement med Førresfjorden, Tysvær og Bokn sokn og fekk positiv respons sjølv om ein nok kunne ønske seg større oppslutnad frå samtlege sokn.

Tiltak for 13-åringane: Vi inviterte 13-åringane til å vere med på sommaravslutninga for Ungdomstreff på Nedstrand slik at dei kunne bli litt kjent og kanskje få lyst til å begynne på Ungdomstreff til hausten.

Konfirmantundervisninga har god oppslutnad med nær 100%. Konfirmantane deltek på minst 8 gudstenester samt 6 andre aktivitet i soknet/kommunen. Vidare består opplegget av ein del samlingar i vekene, ein friluftsløp som er obligatorisk og ein frivillig leir (Brandøy).

Konfirmantkullet 2015/2016 har dessverre møtt ein del utfordringar på grunn av sjukemelding, men det er forsøkt å setje inn vikarar ved behov.

Vi har fortsatt med å starta konfirmantopplegget med friluftswekend på Øvre Amdal. Vi bur i lavoar og lagar mat ute på bål. Konfirmantane fekk som vanleg prøve seg på alt frå å lage mat på bål, treffe leirdua med hagle på skytebanen og lære om kyrkjekunst. Ståle Hustoft saman med mange frivillige bidrar til å gjennomføre leiren. Konfirmantane likar dette godt og det er et verdifullt bidrag for å styrke konfirmantopplegget.

Kyrkjenær for unge over konfirmasjonsalderen er fortsatt under utvikling. Det er ikkje tilført ekstra ressurser for å utvikle nye tiltak.

Adventstida: Det har også i år vore samlingar ved ”Stallen” utanfor Nedstrand kyrkje dei fire sundagane i advent med god oppslutning. Vi ser at mange tek turen innom stallen òg i vekedagane for å sjå nærare på figurane.

Anna arbeid blant barn og unge

Barnekor: I Nedstrand har vi et aktivt barnekor for barn frå 1. klasse og oppover, og parallelt med det *Tirsdagsklubb* for barn frå 3 år.

Ungdomsnemnda i Nedstrand (under soknerådet) driv ungdomstreff annakvar fredag på Soknatun der det møter 15-30 ungdommar.

Utanom Kyrkjenær skjer det òg anna arbeid i soknet som soknerådet ikkje er direkte involvert i: Sundagskule, barneforeningar, ungdomsklubb m.m. Dette er et viktig arbeid som soknerådet er takksam for og ynskjer å gje oppmuntring og støtte.



Bilete frå Nedstrand barneforening

Familiearbeidar Stillinga som familiearbeidar har stått vakant i 2015.

Mangfald av tenester, evner og nådegåver.

Det er mange frivillige som stiller opp til dei forskjellige tiltaka i soknet. Dette er soknerådet takksame for og kyrkjelydane avhengige av. Samstundes treng vi stadig fleire frivillige.

Samarbeid med lag og foreningar

Soknet har eit breitt og godt samarbeid med mange lag, foreningar, og kommunale institusjonar i soknet. Vi har regelmessig kontakt med kulturskulen, barnehagane, Nedstrandstunet og Grendasenteret i Skjoldastraumen. Nedstrand bygdemuseum er med å arrangerer friluftsgudsteneste og Bygdekvinnelaga i Straumen og Nedstrand er med på Hausttakkefesten. Tveit Vidaregåande skule er ein god samarbeidspartner for Kyrkjenær om tiltaket før hausttakkefesten.

I *barnehage-kyrkje-samarbeidet* har vi no innarbeida barnehagegudsteneste før jul og julevandring med 5-åringane.

I *skule-kyrkje-samarbeidet* har vi skulegudstenester, samt at soknepresten regelmessig underviser i: 2. trinn om kyrkjebygget, kyrkjeåret og symbol. 4. trinn om død og gravferd. 5. trinn om Bibelen. 9. trinn om sorg og kriser. Samarbeidet med skulane følgjer ein plan som er godt innarbeida.

Anna verksemd i soknet sin regi

Konfirmantfest. Soknerådet har som vanleg gjennomført *fest for konfirmantar*, foreldre og 50 års konfirmantar, med god oppslutnad.

Årsmøte for kyrkjelyden

Årsmøtet for 2014 vart arrangert på Soknatun med samtale om arbeidet. Soknatun sitt årsmøte vart halde same dag.

Diakoni

Ved hjelp av frivillige gir soknerådet *ei blomsterhelsing* til dei som har ”runde” fødselsdagar: Ved 75, 80, 85, 90, og kvart år etter det. Presten som signerer korta får mange takksame helsinga frå jubilantane.

Misjonsprosjekt: Soknet har misjonsavtale med Normisjon om arbeid i Mali.

Grøn kyrkjelyd: Nedstrand sokn er klassifisert som "Grøn kyrkjelyd". Soknet vil i all si verksemd tenkje på innkjøpsrutinar (varer og produsentar,) energiforbruk, avfallshandtering, miljø, transport, arbeidsmiljø (HMS) og estetikk. Vi har et stort ansvar som vi forsøker å være bevisst ved å halde fram gode haldningar knytt til dette og å gjere det vi kan for å la teorien komme ut i praksis.

Livsnære fellesskap

Soknerådet har ikkje noko organisert arbeid for smågrupper. Dei frivillige organisasjonane har forskjellige samlingar på bedehusa og der er nokre bibelgrupper i soknet.

Nedstrandtunet: Soknepresten har regelmessig andaktar på Nedstrandtunet, Sosialsenteret på Nedstrand og på Grendasenteret i Skjoldastraumen. Samarbeidet med leiinga og aktivitetsleiarar er god og det gjev god anledning til å kome i kontakt med ein stor del av dei eldre i soknet. Prestekontoret er sentralt plassert på Nedstrandtunet og gjer kontakten med eldre og tilsette der ekstra god. I 2015 arrangerte vi også tur til Åkra gamle kyrkje og Åkra nye kyrkje på Karmøy. 38 deltok på denne turen

Konsertar og kulturarrangement

Julekonsertar: I 2015 var det fine julekonsertar både i Nedstrand og Skjoldastraumen. I Nedstrand leia Arne Jon Myskja julekoret og arrangementet som tidlegare år og Ruben Espelid og musikarar deltok saman med lokale solistar. I Skjoldastraumen var konserten sett saman av gode lokale krefter. Begge arrangementa var godt besøkt.

Ressursgruppe Nedstrand

Ressursgruppa har regelmessige møte og har i 2015 arrangert mellom anna pinsekonsert med Knut Reiersrud.

Soknatun:

Soknerådet er medeigar i Soknatun. Det er god drift av huset. Årsmøtet for Soknatun vart i 2015 halde på Soknatun saman med årsmøtet for soknet.

Kyrkjene og kyrkjegardar:

Det er kyrkjeleg fellesråd/kyrkjevevja som har ansvar for dette. Nødvendig vedlikehald blir forsøkt gjort etter kvart som det blir oppdaga at det trengs.

Økonomi

Sjå vedlagte rekneskap.

Soknet sin økonomi er god og gjer det mogleg å drive ynskja arbeid.

I september 2015 var det soknerådsval og soknerådet har frå 1. november 2015 hatt denne samansettinga:

Leiar:	Sissel Tendeland Bårdsen
Nestleiar:	Kåre Åsheim
Sekretær:	Anne Siri Haukeland
Medlem:	Audhild Frøyland
	Jostein Harboe
	Atle Aadland

Soknepresten er fast medlem av soknerådet
Varamedlem (vert kalla inn til alle møte):

1. vara	Åsne Breidablikk Hustoft
2. vara	Erlend Sande
3. vara	Marit Kvalheim Heien
4. vara	Tom Sigmund Svinelid
5. vara	Ada Høvrving
6. vara	Alf Ellingsen

Rådet har i 2015 hatt 9 ordinære møte og har handsama 50 saker.

Tilsette med hovudansvar i Nedstrand sokn:

Sokneprest: Einar Andreassen (i 100% vikariat for Dag Tormod Milje)

Kyrkjegardsarbidar/kyrkjetenar: Steinar Nordeide

Kyrkjetenar Skjoldastraumen: Barbara Stølsvik

Organist: Stein Johannes Kolnes

Reingjerar Nedstrand: (Til sommaren 2015) Olga Myhre.

Kyrkjelydspedagog/sekretær (i fødselspermisjon):

Ingrid Hustoft Landro

Vikar sekretær: Sissel Tendeland Bårdsen

Vikar i Kyrkjenær: Janne Eide

Nedstrand 6. april 2015

Sissel Tendeland Bårdsen
Leiar Nedstrand